

Vang kommune

Kommunehuset

2975 Vang

01092017

Framtidig finansiering av vannforsyning i Tyinkrysset området.

Viser til mottat brev kring forslag til avtale angående medfinansiering av vannforsyning.

Finansiering kring utbygging av meir vannforsyning har no vore diskutert i altfor mange år allereie, utan at ein har kome fram til ein avtale og vidare utbygging. Mens denne diskusjonen har pågått har andre sammenlignbare destinasjoner, fortsatt utviklinga. Mens me har brukt tida på denne diskusjonen utan å komme vidare. Som alle forstår er denne infrastrukturen avgjørande for at ein skal få til ein vidare utvikling/utbygging i området som dei fleste grunneigarar, investorar/utbyggere, kommunen, hytteigarar, lokalt næringsliv, innbyggjarar osv, vil være både intressert i og avhengige av.

Er bra at kommunen er villige til å forskuttere. Er vel ingen alternativer til dette, så eg er klar over i allefall.

Eg er svært opptatt av at me må få bygd denne vannforsyninga raskt, slik at ein kjem i gang med vidare utvikling i området både av infrastruktur, hyttebygging, aktiviteter osv. Blir antakelig ikkje billigare med å avvente dette lenger, heller. No åpnar Filefjelltunnelen snart og det kan være fare for at trafikken no vil kjøre fort forbi vis ein ikkje fortsetter med ei utvikling/utbygging i området.

Det skal ikkje stå på meg for å komme i gang med utbygging/utvikling i området igjen. Slik at eg er positivt innstilt på inngå avtale med Vang kommune når den er endelig vedtatt i kommunestyret.

Med vennlig hilsen

Asgrim Opdal

2977 Øye i Valdres